



Det var tett mellom dansarane i Dønhauglåven laurdagsnatta. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rekordbesøket kom som bestilt under låvedans nummer seks i Dønhauglåven i Uskedalen. Det var Åsmund Åmli Band frå Setesdalen som spela denne gongen. 'Tellevirket' stoppa på 600 og Magne Huglen kan dermed notera seg for sin til no største suksess under sin originale, alternative form for jordbruk.

Avviklinga gjekk knirkefritt og kommunens kontrollør hadde ingen merknad å komma med.

- Dette gjev meirsmak, eg ser fram til sommarens siste dansekveld i august, seier Huglen. Då er det irar som skal trekkje folk til Dønhauglåven.

Denne gongen hadde Huglen gjort fleire vellukka ommøbleringar: Scenen var flytta oppå siloane og det var lagt eit provisorisk dansegolv av tre oppå det ru og noko 'tungdansa' støypegolv.

Det neste blir støyping av eit glatt golv.



Jonny Miljeteig var ein av dei store entusiastane på låvedansen. Bodskapen på t-skjorta var klar nok...(Foto: Ola Matti Mathisen)